



Svein Olav Kårdal
Bakken 4
5955 LINDÅS

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/2188 - 19/36526

Saksbehandlar:
Eilin Houlison Molvik
Eilin.Houlison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:
06.12.2019

Ferdigattest for riving av tak på terrasse og utviding av terrasse - gbnr 108/268 Lindås

Administrativt vedtak. Saknr: 741/19

Tiltakshavar: Svein Olav Kårdal
Ansvarleg søkjar: Svein Olav Kårdal
Søknadstype: Søknad om ferdigattest etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-10.

Tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt. Gjennom dette er det stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, og vedtak i saka datert 19.11.2015.

Det er i søknad om ferdigattest opplyst at det i samband med utviding av terrasse er etablert trapp frå terreng opp til terrassen. Endringa vert vurdert som mindre og vert akseptert som «as built».

Det vert elles vist til søknad motteken 05.12.19.

Skildring

Adresse:	Bakken 4, gbnr 108/268
Bygningstiltak:	Riving av tak over terrasse og utviding av terrasse

VEDTAK:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-10 vert det gjeve ferdigattest for riving av tak over terrasse og utviding av terrasse på eigedom gbnr 108/268.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve, jf. pbl. § 20-1, bokstav d.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegeringsreglement.

Klage



Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker, jf. fvl § 29 (1). Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 15/2188

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Svein Olav Kårdal

Bakken 4

5955

LINDÅS

Mottakarar:

Svein Olav Kårdal

Bakken 4

5955

LINDÅS